

Fylkesmannen i Hordaland
fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Stein Byrkjeland fmhosby@fylkesmannen.no



Dykker ref. : Stein Byrkjeland

Vår ref. : Ove Gjerde

Dato : 05.06.2015

Alsaker Fjordbruk AS/Tysnes Fjordbruk AS;

Merknadar/innspel til oppstart av arbeidet med å vurdera eit område i Ytre Hardangerfjorden som eit marint verneområde etter § 42 i naturmangfaldlova og kapittel VII i forvaltingslova

Me syner til tidlegare dialogar med Dykk, der me per telefon og straumpost har fått utsett frist med attendemeldingar til 12. juni.

Bakgrunn

Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i Hordaland i oppgåve å starta prosessen med å vurdera eit område i *Ytre Hardangerfjorden* som eit marint verneområde etter § 42 i naturmangfaldlova og kapittel VII i forvaltingslova.

Føremålet med eit eventuelt tiltak i kandidatområdet er å verna eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar. I Hordaland er det forutan det nemnde området, to andre kandidatområde som vil verta vurderte.

Fakta om kandidatområdet

Kandidatområdet er om lag 83 km² og avgrensinga går frå Ånuglo og tvers over fjorden til Husnes. I sør og vest går området over moreneteskelen frå Huglo til øya Hidle utanfor Halsnøy. Me syner elles til kartet som føl oppstartsmeldinga.

I oppstartsmeldinga er det under tema Akvakultur m.a. ført fram:

«Innanfor kandidatområdet er det i dag tre godkjente lokalitetar for matfiskproduksjon. Lokalitetane blir brukte til lakseoppdrett. Det er tillate ein produksjonskapasitet på om lag 8540 tonn til saman. Det er ikkje godkjent nye matfisklokalitetar gjennom dei siste åra og utviklingspotensialet for næringa ligg stort sett i vidareutvikling av allereie godkjente anlegg».

To av dei nemnde lokalitetane er 25895 Flornes og lokaliteten 25896 Skorpo, begge tilhøyrande Tysnes Fjordbruk AS. Desse har pt. ein godkjent MTB på inntil 6.200 tonn, men det vart i april -15 søkt om utviding med inntil 780 tonn MTB på kvar av lokalitetane, noko som vil utgjera mindre auke på 1.560 tonn og ein samla biomasse på inntil 7.760 tonn. Dei to søknadane er via Hordaland Fylkeskommune sendt på høyring til kommunale og statlege mynde, slik at prosessen er kvalitetssikra og sakshandsaminga godt i gang – forventa avgjerd/vedtak tidleg haust 2015.

Oppstartsmeldinga gjev langt på veg positive signal for næringsaktivitetane i det føreslegne planområdet. Fylkesmannen forventar at eit eventuelt vern vil få små konsekvensar for næringane i kandidatområdet. Moglege negative effektar for framtidige næringsverksemder bør etter meldinga heller ikkje vera store.

Merknadar til start av arbeidet med å vurdera det aktuelle området

Alsaker Fjordbruk nyttar store ressursar og er «tett på» alt planarbeid som går føre seg i både Hordaland og Rogaland, der me til saman driv næringsutvikling i 13 kommunar og har pt. om lag 220 tilsette.

I dei ulike planprosessane kjem me med m.a. innspel som synleggjer noverande og framtidige konsekvensar det pågående planarbeidet kan få for verksemda og næringsutviklinga vår.

Krav til dokumentasjon ved sgs alle våre gjeremål og søknadar innan havbruksnæringa har auka monaleg dei siste åra. «Lettare» og som alltid «større og tyngre» utgreiingar innan mange fagfelt er

Alsaker AS

Alsaker
Fjordbruk AS

Bjørv
Bruk AS

Bostad
Bruk AS

Fjelberg
Fjordbruk AS

Fjon
Bruk AS

Fjordbruk
Service AS

Nordsjø
Fjordbruk AS

Onarheim
Bruk AS

Rogaland
Fjordbruk AS

Rørvær
Fjordbruk AS

Salar
Bruk AS

Sunnhordland
Fjordbruk AS

Toftøy
Fjordbruk AS

Tveit
Brygge AS

Tysnes
Fjordbruk AS

Viking
Fjord AS

Ølve
Bruk AS

Åmøy
Fjordbruk AS

«kvardagskost» for konsernet, alt dette vert utført etter pålegg og ynskje frå m.a. overordna mynde og for vår del av eigen kompetanse og i nært samarbeid med dei beste fagmiljøa/institutta i landet.

Til alle løyve som vert gjevne, knyter det seg strenge krav til dokumentasjon både til eksisterande og framtidig drift. Stikkord kan vera fakta som pt finns i ulike databasar (t.d. www.naturbase.no – www.artsdatabanken.no – www.askeladden.no) og mykje er elles forankra i Naturmangfaldlova, der me gjer eigne/eksterne vurderingar, som deretter vert kvalitetssikra hjå dei ulike offentlege mynda.

Eventuell trøng for konsekvensutgreiing (KU) vert alltid vurdert etter gjeldande regelverk. Konsernet har hatt og vil framover ha eit tett samarbeid med dei ulike overordna mynda i alle utviklingsprosessar. Tilleggsutgreiingar og utfyllande opplysningar vert skaffa fram tidleg i søknadsprosessane og før søknader m.m. vert sendt mynda for vidare handsaming og utvikling av eksisterande eller nye tiltak.

Alsaker Fjordbruk meiner at noverande regelverk og forvaltningsregime inneheld krav til dokumentasjon og drift som på alle måtar tek i vare dei ulike tema/naturkvalitetar som t.d. det no vert lagt opp til «å verna» i eit eventuelt marint verneområde i Ytre Hardangerfjorden. Aktiv og berekraftig bruk i kandidatområdet vil vera den beste garanti for framtidige generasjonar sin bruk og nytte av/i området, samt dokumentasjonar for dei ulike verdiparametrane i denne delen av fjorden.

Me kan ikkje skjøna at Regjeringa/Miljødirektoratet no vil at Fylkesmannen i Hordland skal nytta betydelege ressursar på ei vurdering for å eventuelt etablera deler av Ytre Hardangerfjorden som marint verneområde. Alsaker Fjordbruk rår til at det offentlege ikkje nytta ytterlegare ressursar på for å gå vidare med verneprosessen.

Som nemnt ovanfor, vil ein framtidig aktiv og bærekraftig bruk av kandidatområdet gje det beste vernet for komande generasjonar, der ei berekraftig utvikling innan nærings- og fritidsfiske, akvakultur, skipstrafikk og leier, friluftsliv, turisme og forsking vil stå sentralt.

Det bør i vurderinga også takast omsyn til at kandidatområdet i nordaust grensar til Ånuglo, Seløy, Midtøy og Flornes, der om lag 4.100 dekar landareal så seint som i desember 2014 vart verna som Ånuglo naturreservat.

Havbruksnæringa/Alsaker Fjordbruk er ein viktig matprodusent og det er ingen andre næringar som produserer så rein og sunn mat som denne næringa, og på eit så lite areal.

Oppsummert

Med utgangspunkt i våre vurderingar ovanfor, vil Alsaker Fjordbruk/Tysnes Fjordbruk rá til at Regjeringa, Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Hordland ikkje nytta ytterlegare ressursar på å vurdera eit marint verneområde i Ytre Hardangerfjorden.

Ein framtidig aktiv og berekraftig bruk av kandidatområdet vil vera den beste garantien for å beskytta marine verneverdiar og naturverdiar som også landlevande artar er avhengige av. Noverande forvaltningsregime og lovverk, saman med m.a. havbruksnæringa tek alt i vare dei viktigaste verdiane i dette området.

Vensam helsing
Alsaker Fjordbruk AS/Tysnes Fjordbruk AS

Ove Gjerde
Samfunnskontakt
ove.gjerde@fjordbruk.no

Kopi HFK v/Endre Korsøen Endre.Korsoen@hfk.no - hfk@post.hfk.no
Tysnes kommune post@tysnes.kommune.no